

Referat styremøte Øystese Fotball 07.03.16 kl. 18:00

Til stades: Ole Fjerdings, Jarle Ystebø, Martin Lunestad, Camilla Fykse, Lene V Huun, Roger Vassnes, Erling Ola Fykse, (gammalt styre; Ove Sandven, Siri Kaale, Elisabeth Henriksen),

Forfall: Arne Skeie

Sak 1: Konstituere nytt styre

Generalsamlinga på årsmøtet valgte Ola Fjerdings som leiar, Martin Lunestad som kasserar, Camilla Fykse som styremedlem, og Lene V Huun som vara styremedlem. På styremøtet konstituerte styret Jarle Ystebø som nestleiar. Konstitusjon av skrivar blei ikkje utført, styret avtalte seg i mellom at dette skulle gå på rundgang.

Sak 2: Val av referent

Martin Lunestad blei valgt som referent, dette skal gå på rundgang. Blir fyrste sak i styremøtet framover.

Sak 3: Opprydding i e-postlister, Dropbox

Ein tek ein runde med opprydding av e-postlister, samt tilgang til ØF sin Dropbox mtp. utskiftingar i styret. Martin tek dette med IT ansvarleg.

Sak 4: Trekking av lag

- a) Trekking av G16 7'ar lag.
Samrøysta vedtatt etter kort debatt.
- b) Trekking av ingen, juniorlag, eller b-lag (Øystese 2-lag)
Etter debatt med argumenter for og i mot av dei ulike alternativer kom følgande forslag inn som styret utførte avstemming på.
Trekking av ingen lag: 1 stemme
Trekking av b-lag (Øystese 2-lag): 3 stemme
Eit styremedlem valgte å stemma blankt i denne saka. Vedtatt å trekka b-lag (Øystese 2-lag).

Vedtak blei omgjort etter forslag pr. e-post 09.03.16.

Sak 5: J19 støtte treningsleir

Lag søkte om støtte kr à 40 000,- . Styret vedtok samrøystes å gje støtte à 10 000,- . Ein vil også oppmoda laget til å søkja støtte hjå hovudlaget ØIL.

Sak 6: Offentliggjerjing av styrereferat

Ein vil frå dette styremøtet av offentliggjera styrereferat på heimesida til ØIL. Referat skal fyrst sendast til leiar for godkjenning. Personalsaker skal ikkje publiserast. IT ansvarleg lagar til ein eigen meny for dette på heimesida. Referent er ansvarleg for at publisering blir utført. Dette er det dagleg leiar ØF, eller IT ansvarleg som har tilgang/kompetanse til.

Sak 7: Treinar J03, J04, J05, J06, og J08

Ein står her pr. dags dato utan komplette trenarløysningar. Dagleg og sportleg leiging tar ein runde på dette, og opplyser styret om status etter ei veker tid. Viss ein ikkje kjem i mål kjem styret å kalla inn foreldre til aktuelle lag.

Sak 8: Lagleiar junior gutter, senior a-lag

Ein fekk kandidat som lagleiar til junior gutter på årsmøtet. Sportsleg leiar tek kontakt med person, og avklarar dette. Arbeider med å skaffa lagleiar til senior a-lag fortset.

Sak 9: Oppdatering IFO/FFO

Oppsummert vert det fleire born neste skuleår på IFO/FFO. Planlegging av arbeidsstokk neste skuleår blir satt i gang av dagleg leiar IFO/FFO.

Sak 10: Eventuelt

-

Neste styremøte vart satt til måndag 4. april kl. 18:00 (leiar sender ut møteinnkalling)

Martin Lunestad, referent